

# debatt



Kultur- og debattredaktør Hilde Sandvik  
debatt@bt.no – telefon 55 21 46 08 (10.00-11.30)  
Redaksjon: Ingvild Sæterstøl, Egil Horne Mikkelsen og Aslaug Eide.

## Diskriminering

**MANGE** innvandrere makter ikkje skaffa seg arbeid i Noreg. Det gjeld også personar med høg utdanning. Dei styrande i Bergen vil gjera noko med dette. Som første kommune i landet skal Bergen no gje leiarutdanning til tilsette med innvandringsbakgrunn frå ikkje-vestlege land. «Nå kommer innvandrersjefene», skreiv BT 12. oktober. Kommunen (i samarbeid med Handelshøgskolen BI Bergen) tilbyr kommunalt tilsette ei 2-årig leiarutdanning på bachelornivå, og det er eit mål at Bergen kommune skal framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar for høgt kvalifiserte personar med framandkulturell bakgrunn. Etter kvart som dei høgt kvalifiserte innvandrane med leiarutdanning blir tilsette som sjefar, vil dei bidra til at det blir lettare for nye innvandrere å få tilsetjing i kommunen.

**DETTE VIL VERA** svært gunstig for innvandrere, men kva for reaksjonar kan me venta frå dei etnisk norske som vil bli utkonkurrerte? Har ikkje nettopp favorisering av innvandrere vore med å skapa ei utbreidd negative haldning til norsk innvandringspolitikk? Ville det vore klokare å tilby leiarutdanninga – og eventuelle andre avansementfremjande tiltak – til alle tilsette i Bergen kommune, og ikkje favorisera innvandrere framfor etnisk norske?

BIRGER AALVIK

Det finst mange døme på at eit hardt fiske på torskbestand har ført til negative konsekvensar både for økosystemet dei høyrer til og for fiskarane som skal leve av dei.

# Vi fiskar passeleg mykje torsk



**TORSKEFISKE:** Dei forvaltingsreglane som blir brukt for torsk og lodde i Barentshavet i dag tar omsyn til at bestandane verkar inn på kvarandre, og ser så langt ut til å fungere godt, skriv innsendarane.

ARKIVFOTO: ANDERS KR. JØRGENSEN

## Fortsatt like uforståelig

**FYLKESLEDER** i Norsk Sykepleierforbund i Hordaland Mette Mikkelsen gjentar i BT 14. november at norske sykepleiere hvert år gir fra seg 220 timer fritid i året til arbeidsgiver uten kompensasjon. Med andre ord at norske sykepleiere gir arbeidsgiver rundt 30 dagsverk uten å få lønn for det. Begrunnelsen er slik vi forstår det at man mister fritid dersom man har 8 timer fri mellom to vakter, i stedet for 11 timer. Dette er en helt uforståelig konklusjon. En arbeidstaker skal arbeide de timer som er avtalt med arbeidsgiver og som fremgår av arbeidsavtalen. For sykepleiere i helstilling betyr det mellom 33,6 og 35,5 timer i uken. Hvordan denne arbeidstiden fordeles i løpet av en periode, skal fremgå av en arbeidsplan slik at det er forutsigbart for arbeidstakeren. Hvorvidt det er 8 timer eller 11 timer fri mellom to arbeidsøkter, har ingen betydning for den samlede arbeidstiden vedkommende jobber. Man jobber fortsatt like mange timer i uken.

**DERSOM MIKKELSENS** innlegg er et krav om kompensasjon for avkorting av hviletiden, vil vi minne om at ansatte etter dagens bestemmelser skal ha betalt for de timene de er på jobb og ikke for fritiden (eller hviletiden). Vi ser for øvrig at vi nå er på et detaljnivå som gjør at det ikke lenger er meningsfullt å fortsatte denne debatten i avisen. Spekter ser frem til å diskutere disse temaene i neste års lønnsoppgjør.

ANNE-KARI BRATTEN,  
VISEADMINISTRERENDE DIREKTØR I ARBEIDSGIVERFORENINGEN SPEKTER

## TORSK



Bjarte Bogstad og Harald Gjøsæter  
Havforskningsinstituttet

**I EIN KRONIKK** i BT 11. november «Vi må fiske meir torsk» tar den pensjonerte havforskeren Johannes Hamre til orde for at det må fiskast meir torsk i Barentshavet fordi det er fare for ubalanse mellom torsk og byttedyr i økosystemet. Kronikken inneheld ikkje noko nytt. Påstanden hans om at vi bør fiske torskbestandene ned til eit nivå på ca 300.000 tonn gytefisk er minst 10 år gammal, og like lenge har alle som er involvert i kvoterådgjeving for denne bestanden stått for ei meir forsiktig linje.

Det kan liggje nær å tru at «det sunne bondevitet» som blir referert til i artikkelen er fornuftig: Bonden har ved erfaring funne ut at det er god haustingsstrategi å avgrense talet på vaksne sauer i tråd med grasproduksjonen på garden. På same måte kan det verke freistande å redusere bestandane i havet til ein stort sett sit att med unge individ, fordi desse veks fortare enn det eldre individ gjer.

**DET LIGG EIN FARE** her, som vi ikkje har lov til å neglisjere eller undervurdere, om vi vil drive forsvarleg forvaltning av våre naturressursar. Dersom vi, som bonden, hadde tilnærma full kontroll med kor mange sauer som skal bli fødte kvart år, og kor mange som blir tekne ut til slakt, og

dersom vi, som bonden, lett kunne føre rekneskap med kor stor grasproduksjonen er kvart år, og berre hadde to nivå i næringskjeda vår: gras og grasetarar, ja så kan det tenkjast at Hamre hadde hatt rett. Men våre marine økosystem består ikkje av gras og grasetarar, men av eit svært komplisert næringsnett med minst fem nivå (planteplankton – dyreplankton – planktonetande fisk – fiske-etande fisk – sel/kval/fugl), der vi haustar på minst tre av dei.

**FISK SKIL SEG** også frå sauer på mange andre måtar. Fisk kan svelte i månadsvis utan å dø, utnytte store matmengder når dei måtte vere tilgjengelege og utnytte eit vidt spekter av mat, inkludert sine egne artsfrendar. Slik kan dei sjølve langt på veg tilpasse seg til næringsgrunnlaget. I motsetnad til sauer veks dessutan torsk heile livet. Dessutan er det alltid ei uvisse knytt til våre observasjonar av bestandar og produksjon; det er lettare å telje sauer enn fisk.

Og viktigast av alt; vi har ingen som helst kontroll med rekrutteringa til dei ulike bestandane som lever i havet, når ein ser bort frå at vi ved fiske kan påverke kor mange som får høve til å gyte. Men erfaring har lært oss at ein og same gytebestand av torsk kan gi opphav til årsklasser der den sterkaste årsklassen er 10–15 gonger så talrik som den svakaste. Når ein også veit at bestanden av lodde, som er det viktigaste byttedyret til torsken,

av naturlege årsaker kan svinge frå 0,1 til 7 millionar tonn i løpet av fire år, gjev det lite meining å snakke om «økobalansen» slik Hamre gjer.

**HAMRE GJER SEG** til talsmann for å sjå på økosystemet som ein maskin som ved finjusteringar kan trimmast for å yte maksimalt. Det finst ingen døme på at ei slik tilnærming har fungert i marin fiskeriforvaltning. Derimot finst det mange døme på at eit hardt fiske på torskbestand har ført til negative konsekvensar både for økosystemet dei høyrer til og for fiskarane som skal leve av dei. Også i Barentshavet har vi slike erfaringar; gjennom ein lang periode vart torsken der utsett for hardt fiske, og spora skremmer. I heile perioden 1955–1989 var fiskepresset på torsk i Barentshavet over det nivået vi no reknar som

**Våre marine økosystem består ikkje av gras og grasetarar**

berekraftig (førevar), og resultatet var ein nedgang i totalbestanden frå over 3 millionar tonn til under 1 million tonn. I denne perioden låg gjennomsnittleg gytebestand like under dei 300.000 tonn Hamre har rekna seg fram til vil gje optimalt utbytte. Den avtakande trenden i denne perioden er så sterk at det er all grunn til å tru at ein også ved ein gjennomsnittleg gytebestand på 300.000 tonn ville fått ein klar nedgang.

**ETTER AT EIN TOK** i bruk meir varsame forvaltingsreglar i tråd med føre-var-prinsippet, og fekk

kontroll med eit stort urapportert uttak, er torskbestandene i Barentshavet no stor og gir grunnlag for eit stabilt høgt årleg fiske. Kvoten for 2012 er fastsett til 751.000 tonn, om lag 100.000 tonn meir enn gjennomsnittet for perioden frå 1946–2010. Dei forvaltingsreglane som blir brukt for torsk og lodde i Barentshavet i dag tar omsyn til at bestandane verkar inn på kvarandre, og ser så langt ut til å fungere godt. Den norsk-russiske fiskerikommissjonen, som fastset kvotane i Barentshavet, vedtok i 2010 at forvaltingsreglane for torsk, lodde og hyse skal vere uendra i fem år framover, og skal så evaluert. Ved Havforskningsinstituttet arbeider vi med å vidareutvikle og forbetre desse forvaltingsreglane.

**HAMRE HAR** eit par viktige poeng i kronikken sin. Sidan det er så mange faktorar vi ikkje veit nok om, og mange fleire vi ikkje har høve til å påverke, vil tilfeldige hendingar kunne føre til store bestandssvingingar. Det har hendt før og det vil hende igjen, til ulempe for dei som lever av å hauste frå havet. Det har vist seg at økosystemet i Barentshavet er robust nok til å tole slike hendingar. Barentshavet er eit økosystem der mange bestandar har stor naturleg variasjon. Det kan også tenkjast at forvaltninga kan medverke til at nokre bestandar kan bli for store i høve til andre, og at dette kan motverke økosystemet sine egne reguleringsmekanismer. Dette er viktige forskingstema ved Havforskningsinstituttet.